Sjøfartsdirektoratet
Norwegian Maritime Authority

Rundskriv - Serie V

Mottakere av rundskrivet: (sett kryss)

- ☐ Sdir : Sjøfartsdirektoratet
- ☐ A: 16 spesielt bemyndigete arbeidskontorer
- ☐ U: Utvalgte utenriksstasjoner
- ☐ P: Produsenter av utstyr ev. undergrupper
- ☐ OFF: Offshorerederier / plattformsjefer / operatører
- ☐ Hov: Hovedorganisasjoner
- ☐ Andre:

Nr.:	**RSV 11-2026**
Dato:	12.03.2026
Saksnr.:	2026/18635
Gjelder til:	31.12.2031
Opphever:	
Referanse til:	Regler for fiskefartøy

Rettleiing om bruk av flytemidlar ved arbeid på utsett dekk – fiskefartøy

Innleiing

Denne rettleiinga er utarbeidd etter ei ulukke om bord på eit fiskefartøy. Skipperen om bord vart dregen ut i sjøen utan at han hadde arbeidsflytevest eller anna flyteplagg på seg.

Statens Havarikommisjon tilrår Sjøfartsdirektoratet i Tryggingstilråding Sjøfart nr. 2024/26T **«**å presisere krava i forskrift om arbeidsmiljø mv. på skip § 9-5 om bruk av flytemiddel ved arbeidsoperasjonar på utsett dekk for fiskefartøy, slik at krava tek omsyn til risikoen for fall over bord, med tanke på både arbeidsoperasjon og utforminga av dekket.»

Arbeidsflytevest eller flyteplagg skal nyttast ved arbeid på utsett dekk

Forskrift 1. januar 2005 nr. 8 om arbeidsmiljø, sikkerhet og helse m.m for de som har sitt arbeid om bord på skip krev bruk av arbeidsflytevest eller flyteplagg ved arbeid på utsett dekk. Kravet skal sikra ein person som arbeider på ein stad der det kan vera fare for å falla direkte over bord, verta dregen over bord av fiskereiskap eller på anna utilsikta vis hamna i sjøen.

Dette følgjer av at omgrepet «utsett dekk» er nytta i samband med krav om flytemiddel og slik viser til situasjonar med reell risiko for å falla i sjøen.

Utsett dekk kan då til dømes vera eit heilt ope dekk med berre rekkverk/skansekledning, eller eit overbygd dekk med opningar der ein person kan vera nøydd til å passera med fare for å falla i sjøen. Storleiken på opninga er ikkje avgjerande, det er risikoen for å hamna i sjøen som utløyser kravet om flytemiddel. Slike opningar kan til dømes vera ei drageluke inn til dragerommet på eit line-/garnfartøy eller ei setteluke på eit line-/garnfartøy.

Alf Tore Sørheim
sjøfartsdirektør

Sjøfartsdirektoratet
Norwegian Maritime Authority

Linda Bruås
avdelingsdirektør
Regelverk og internasjonalt arbeid